

Statsforvalteren I Agder
Postboks 504
4804 Arendal

Vår dato: 16.12.2025
Vår referanse: 25/57701- 1
Dykkar dato:
Dykkar referanse:

Oversending av hjelpeskjema til KOSTRA landbruk for rapporteringsåret 2026

Vi sender som tidlegare år ut skjema til hjelp for kommunane når dei skal rapportere gjennom KOSTRA landbruk for rapporteringsåret 2026. Hjelpeskjemaet er utarbeidd i Excel-format der kommunane fortløpande kan føre inn behandla søknadar etter jordlov og konsesjonslov, og utfallet av desse. Hjelpeskjemaet omfattar også fane for omdisponert areal frå reguleringsplanar etter plan- og bygningslova.

Vi ber om at statsforvaltarane vidaresender hjelpeskjemaet i Excel-format til kommunane. Det er frivillig for kommunane å bruke dette hjelpeskjemaet, men vi anbefaler at kommunane tar det aktivt i bruk. Dette både av omsyn til kvaliteten på dei opplysningane som skal rapporterast på i 2026, og fordi det vil redusere arbeidsbyrda for kommunane ved rapporteringstidspunktet.

Nytt av året er at bakkemontert solkraft er tatt inn som formål under omdisponering etter plan- og bygningslova og jordlova. Dette grunna lovendringar. Vidare er punktet om talet på tillatingar som fører til at det oppstår ein ubyggd rein skogeigedom ved frådeling fjerna, grunna at priskontroll på reine skogeigedomar er ført inn att i konsesjonslova.

Med helsing
for Landbruksdirektoratet

Aud-Ingrid Krefting

Cecilie Askhaven
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng difor ingen signatur.

Mottakar:

Statsforvalteren I Møre Og
Romsdal
Statsforvalteren I Rogaland
Statsforvalteren I Vestland
Statsforvalteren I Agder
Statsforvalteren I Innlandet
Statsforvalteren I Nordland
Statsforvalteren I Troms Og
Finnmark
Statsforvalteren I Trøndelag
Statsforvalteren I Vestfold Og
Telemark
Statsforvalteren I Østfold
Buskerud Oslo Og Akershus

Vedlegg:

KOSTRA-hjelpeskjema-2026